



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
[Org.nr.: 976997654](https://org.nr/976997654)

MØTEREFERAT

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 28. januar 2021
Møtetid: 1840-2100
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Desse medlemmer møtte:

Svein Løwe, Odd Arve Orten, Eva Beate Nybø, Anne Beate Storbakk, Hanne Katrine Småge, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim, Sissel Kvist (til kl 2030), Arne Hjelmås og Kristian Finn Risung (frå kl 2015) (10)

Elizabeth Stewart Søvik (kyrkjeverje) : referent.

Eva Beate opna møtet ved å overrekka blomster frå Aukra Sokn til Svein Løwe for godt arbeid som leiar i 2020.

SR/FR-sak

Sak 1: **GODKJENNING AV:**
A. Innkalling
B. Referat møtet 3. desember 2020
C.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Innkallinga til dette møte vert godkjend
2. Referatet frå møte 3. desember 2020 vert godkjend.

VEDTAK:

Framlegget vert godkjend

Sak 2: **FØRESPØRSAL OM BØNNEVANDRING**
FRAMLEGG TIL VEDTAK I AU:

1. Leveggen kan få leige Aukra kyrkje gratis til eige arrangement: *Bønnevandring*.
2. Alternativt kan Aukra Sokn tilby nemde honorar (kr 1 000) til Leveggen for å arrangere i regi av Aukra Sokn.
3. Smittevern, namneliste og gjeldande smittevern reglar må følgjast

VEDTAK I AU:

Framlegget blei godkjend.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:

Leveggen v/ Inghild Lyngne skal gje tilbakemelding om kva for dei 2 alternativ høver:

1. Leveggen kan få leige Aukra kyrkje gratis til eige arrangement: *Bønnevandring*.

eller

2. Alternativt kan Aukra Sokn tilby nemde honorar (kr 1 000) til Leveggen for å arrangere i regi av Aukra Sokn.

Elles må gjeldande smittevern reglar følgjast i samband med arrangementet.

VEDTAK:

Framlegget blei godkjent

Sak 3: SØKNAD OM TILSKOT TIL RIKSANTIKVAREN

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Søknaden om oppgradering av elektriske anlegg mm til Riksantikvaren vert teke til orientering.

VEDTAK:

Søknaden om oppgradering av elektriske anlegg mm til Riksantikvaren vert teke til orientering.

Sak 4: REFERATSAKER:

4.1 Visitas – utsetjing og ny dato. Vert sannsynleg v. 22.

4.2 Samordning HMS – avtale. Teke til orientering.

4.3 Språkpraksis plass – avtale med Aukra Kommune. Vedtak i AU. Vedkommande startar 1. februar.

4.4. Smittevern situasjon – gjeldende regler pr dd og aktiviteter. Orientering og drøfting om framtidige gudstenester og trusopplæring.

4.5 Trusopplæring – status. Trusopplæringsutvalet + kyrkjeverje skal ha teamsmøte 1. februar.

4.6 Endring av rutinar på kyrkjekontoret – kort oppsummering frå Elizabeth om bl.a økonomisystemet og sak/arkiv. Framleis fleire reglement som treng oppdatering/oppretting t.d. delegasjonsreglement, økonomi-/finansreglement, innkjøpsreglement, inventarlistar mm.

4.7 Sakristiprojektet – status. Prosjektet er nesten ferdig, men det er att nokre punkt og ikkje alt er bokført pr dd. Det blir utarbeidd rapport når prosjektet er ferdig.

4.8 Brannsløkkingsanlegg – status. Vi venter enno på kontrakt. Dette bør leggjast fram på neste SFR møte elles må SFR sjå på andre alternativ.

4.9 Budsjett 2021 – tilskot frå Aukra Kommune. Tildelingsbrevet av 12. januar var teke til orientering.

4.10 Årsoppgjær 2020 – status. Brev frå Aukra Kommune

4.11 Representasjon til Kirkens Nødhjelp – Eva Beate vil fortsette.

4.12 Dekketøy – viser til sak nr 49-20. Dekketøy har vore innkjøpt og er på plass. Det har vore brukt kr 37 872 inkl. mva.

Sak 5: Eventuelt

5.1 Lys på parkeringsplassen og parkering for funksjonshemmande utanfor kyrkje – Elizabeth følger dette opp med kommunen.

5.2 I Aukra Kommune sin økonomiplan for 2021-2024 - det er satt av kr 300.000 til planleggingsmidlar til kapell i Julsundet i 2022.

5.3 Familiegrav mm – det var litt diskusjon om det. Slike spørsmål kan kyrkjekontoret svara på. Fint om det kjem inn pr epost.

5.4 Konfirmasjonar og utsetjing til hausten – Kristian orienterte. Det blir teke opp med foreldre og saka blir teke opp på neste SFRmøte (11. feb).

5.5 Gudstenester framover – diskusjon om ulike alternativ pga smittevern regler pr dd. Vi fortsetter med å legge ut digitalt. Viktig at det kjem på heimesida.

Aukra 29. januar 2021

Eva Beate Nybø
Leiar
(sign)

Elizabeth Stewart Søvik
Kyrkjeverje/sekretær
Tlf: 71171540/90838155